

Kyrkjelydsblad  
for  
Arna

NR. 6

OKTOBER 1997

30. ÅRG.



*Den nye kyrkjeklokka i Arna kyrkje. Ingravert tekst:  
Tona om frelsa, kalla og helsa, kalla og helsa med fred Guds born.*

## Helgemessesøndag

# Kva betyr denne dagen for deg?

Av Klara Ulveseter



### Minnedag

– Mange finn vegen til kyrkjegarden denne

dagen. Ein minnes, ein legg blomster på grava. Kanskje tenner ein eit lys. Dette er både godt og fint. I samband med ulukker på sjøen seier gjerne dei pårørende: Den som berre hadde hatt ei grav å gå til! Minnesamvær vert arrangert, også i vår kyrkjelyd. Ein er saman i sorga og i takka til dei som er gått bort.

### Den store kvite flokk

Som barn las eg stundom i mormors Bibel. Det var eit kapittel mormor var veldig glad i å lese: Johs. Openb. 7. Der står det om den store kvite flokken for Guds trone. Salmeskalden Elias Blix skildrar det slik.

*«Den store, kvite flokk å sjå  
som tusen berg med nysnø på,  
med skog omkring  
av palmesving,  
for Gud, kvar er dei frå? - - »*

Denne salmen blir brukt kvar hel-

gemessesøndag i kyrkjene våre.

### Dei reine av hjarta

Ein av tekstane på helgemessesøndag er henta frå Sæleprisingane i Matt. 5. Tidlegare år har eg vore skuffa når dette har vore preiketext. Eg har tykt at Johs. Openb. har vore meir i tråd med den dagen stod for. Men for nokre dagar sidan, hende det meg noko. Eg stod inne på kjøkenet. Då var det som det tona gjennom meg: Sæle dei reine i hjarta, for dei skal sjå Gud! Då stod det levande for meg. Det er dei reine i hjarta som får lovsyngja Gud for hans trone. *«Det er den kjempeskare som ut frå den store trengsla kom, for dei ved blod av Lammet stod reintvegne for Guds dom».*

Dei reine i hjarta er dei som har fått tilgitt syndene sine på grunn av det Jesus gjorde. Slik vart det levande for meg at sæleprisingane absolutt høyrer heime på helgemessesøndag.

## Ekteskapsseminar med Per Arne Dahl

Av Audun Stølås

Per Arne Dahl på Samlivssenteret på Modum Bad holder ekteskapsseminar i Kyrkjelydshuset i Indre Arna fredag 14. og lørdag 15. november. Fredagen blir seminaret fra klokken 19 til 21 og lørdagen fra klokken 10 til 13. Romantikk og realisme i ekteskapet er blant emne som blir tatt opp på seminaret. Er det slik at kjærlighet gjør blind og at vi ser på ektefellen som en drømmeprins eller drømmeprinsesse uten å se hvordan han eller hun egentlig er, eller er det tvert imot slik at kjærlighet gjør seende?

Hvordan skal vi forstå dette med forelskelse? Er det slik at forelskelse er en fase forut for eller i begynnelsen av ekteskapet og at kjærligheten tar andre former etterhvert som samlivet varer? Eller kan man oppleve at perioder med intens forelskelse dukker opp flere ganger i et ekteskap? Kommunikasjon og konfliktløsning er andre emner som blir tatt opp. Behovet for å jobbe med ekteskapet er også et tema som blir drøftet. Kanskje er det mange som er flinkere til å gi bilen den pleie og service den trenger enn å gi ekteskapet sitt den samme oppfølging og innsats? Seminaret skulle passe både for dem som nylig har inngått ekteskap og dem som har levd i ekteskap lenge.


Per Arne Dahl besøkte Arna i fjor høst og viste seg da som en engasjerende, innsiktsfull og tankevekkende foredragsholder.

Da var han med på en samling i Kyrkjelydshuset en søndagskveld. Men nå blir det et seminar over to dager. Det er ikke noen påmelding til seminaret. Det er også mulig å delta bare en av dagene dersom det ikke er mulig å være med begge dagene. Det er også fullt mulig å komme alene dersom det ikke skulle passe for ektefellen å være med. Seminaret blir holdt med økonomisk støtte fra Barne- og familiedepartementet. Det er derfor ingen kursavgift. Men det blir tatt opp en kollekt til dekking av de øvrige utgifter. Det er samlivsgruppen og diakoniatutvalget i Arna kyrkjelyd som står for arrangementet.

Fredag 14. november blir det servert kaffe fra klokken 18.45 i Kyrkjelydshuset. Også lørdag 15. november blir det kaffe fra klokken 09.45. De som ønsker det kan også ta lørdagsmiddagen, antakelig blir det risengrynsgrot, i Kyrkjelydshuset etter at seminaret er slutt klokken 13. Vel møtt!



Per Arne Dahl holder ekteskapsseminar i Kyrkjelydshuset i Indre Arna fredag 14. og lørdag 15. november.



# MOR TERESA

Av Trygve Johansen

Mor Teresa døde tidligere i høst i en alder av 87 år.

Hennes liv var en tjeneste for andre i Calcuttas slum, og hennes kjærlighet omfattet spesielt de fattigste av de fattige. Hun var en sann Guds tjener på vår jord. Hos Mor Teresa var det åndelige og det praktiske knyttet sammen. Hun hentet kraften ved Jesu føtter og gikk så omkring og gjorde godt. Bønn og arbeid var det viktigste for henne. Hun viste i praksis at Gud elsker og de fattigste. Idéalet hennes var at alle mennesker er like viktige og verdifulle.

Mor Teresas tanker om nestekjærlighet, forbrødring og fred har gjort inntrykk på mange mennesker i vår tid. Hun ønsket å gi mennesker et rett syn på de fattige. Vi skal ikke bare være medlidende med de fattige, men også gi dem verdighet, respekt, forståelse og kjærlighet. Mor Teresa satte menneskeverdet og menneskerettighetene i fokus når hun trekte fram de mest utstøtte i denne verden. Hun har vist oss at barmhjertigheten har sin plass blant de fattige, men barmhjertigheten må også få plass hos dem som arbeider med økonomiske spørsmål. Alle mennesker må behandles likt, og gapet mellom fattig og rik må bygges ned.

I 1979 fikk Mor Teresa Fredsprisen

som ble utdelt i Oslo. Det var vinter og kaldt her i Norge, og Mor Teresas nære medarbeider, misjonsprest Olav Hodne, måtte gå til innkjøp av ullundertøy til fredsprisvinneren. Denne fredsprisen betydde mye for hennes arbeid. Mor Teresas navn vil for ettertiden være innskrevet i historiebøkene og hennes innsats vil bli lest om i oppslagsverkene. Hun vil bli husket i generasjoner framover. Hun vil spesielt bli husket i India der hun ble kalt for Mor. Barn og voksne som hun har hjulpet, glemmer henne aldri. De som arbeidet sammen med henne, vil for alltid huske hennes innsats. Men minnet om henne vil også leve videre i andre deler av verden. I Norge er det mange mennesker som kjente til hennes virke og vil minnes henne med glede og takknemlighet. Hun vil bli husket som et symbol. Hun var et selvoppofrende menneske som appellerer til det beste i oss alle. Vi har bruk for den type mennesker til å identifisere oss med. Vi har behov for slike forbilder.

Vi minnes Mor Teresa i dyp takknemlighet, og ber om at Gud må oppreise flere slike tjenere i blant oss. Måtte hennes arbeid bli ført videre både i India og rundt omkring i hele verden. Mor Teresas søstre i «Barmhjertighetens misjon» er fast bestemt på å føre hennes arbeid for de fattigste videre. De trenger økonomisk støtte og hjelp fra oss. Dessuten trenger de vår forbønn.

TV-AKSJONEN '97 søndag 9. november:

## «KRAFTTAK MOT KREFT»


TV-aksjonen i år skal være ein dugnad mot kreft. Midlane går til Den Norske Kreftforening sitt arbeid. Dagen for aksjonen er 9. november. Kreftsaka er ei sak som vedkjem oss alle. Alle har vi ein ven eller eit familiemedlem som har eller har hatt kreft. Vi kjenner sorga, lidinga og smerta som denne sjukdommen fører med seg både hos den som er ramma og hos dei pårørande. Kreft rører ved oss, både ved vår medkjensle og ved vår frykt.

Eg kjenner likevel mest på glede ved denne aksjonen. Det er mogeleg å gjere noko både for å forebyggje og å lindre. Alle kan vi gjere ein innsats no når andre organiserer for oss.

At kvinner i Sør-Amerika får ei særskilt hjelp ved denne aksjonen, er særleg bra. Eg bed om at mange tek tak og melder seg som bøsseberarar og medhjelparar.

Lat oss gje sjølve óg – det er omsorg i praksis!

Med helsing  
**Ole D. Hagesæther**



## Julekonsert i Ytre Arna kyrkje

Tysdag 9.12. kl. 20.00

Arne Sangforening  
Arne Musikkforening  
Ytre Arna kyrkjekor  
Ytre Arna Barne og Ungdomskor  
Kollekt

Arr.: Arne Sangforening

# Dei nye sokneråda i Arna for perioden 1998 - 2001

Valet på nytt sokneråd i Arna sokn fekk dette resultatet:

## Arna sokneråd:

### Faste representantar:

1. Svein-Inge Myhr
2. Einar Tesdal
3. Knut Inge Rokne
4. Tarald Ueland
5. Torbjørg Mjelde
6. Odd Kjos
7. Atle Vie
8. Asbjørg Bildøy
9. Alvhild Abilgaard
10. Marie Elisabeth Trengereid

### Vararepresentantar:

11. Laura Styve Eide
12. Sonja Monstad
13. Åse Hasselgren Eilertsen
14. Audun Møllerup Boge
15. Elisabeth Bjørndal

## Ytre Arna sokneråd

### Faste representantar:

1. Tor Oddvar Holmefjord
2. Guri Rivenes
3. Turid Hjellum
4. Jan Skorpen
5. Randi Kvamme
6. Gudny H. Skorpen
7. Sylvi Sæle
8. Monica Mollansøy

### Vararepresentantar:

1. Jon Steinset
2. Grethe Slåke
3. Turid Gjone
4. Borgny Kvamme
5. Lisbeth Hjortland

Talet på avlagde røyster var 136. Det vert vel to % av dei som var røyste-  
føre ved valet.

Vi ynskjer dei nye sokneråda Guds signing over arbeidet for kyrkjelydane i  
Arna dei neste 4 åra. Dei tek til med sin periode 1. januar 1998.

### ARNA PRESTEGJELD

Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 34 02 15.

Kontortid: Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# 50 årskonfirmantar Arna kyrkje



*Framme frå venstre: Ester Berentsen, f. Tunestveit, Margit Solberg,  
J. Hammersland, Bjørg Fjeldsbø, f. Lie, Marit Iversen, f. Mikkelsen,  
Reidun Tunestveit, f. Gjerde.*

*Bak: Trygve Johansen, Alv Tverlid, Egil Ommedal, Bjarne  
Henriksen, Sigurd Borge, Inger Karin Fuglevik, f. Knudsen,  
Anna Veseth.*



## LYSGLOBE

Av Trygve Johansen

Vi har etter hvert fått en del lysglober i våre kirker rundt

omkring i vårt land. En lysglobe er formet ut som jordklo- den der en kan sette levende lys rundt hele globen. I midten av glo- ben finnes det et stort lys. En slik lysglobe kan brukes i forskjellige sammenhenger. Mennesker kan set- te et lys i globen for å minnes en person som de vil be for. Lysglober har også vært brukt for å minnes mennesker som plutselig er døde i større ulykker. En lysglobe kan dessuten brukes i forskjellige guds- tjenester.

Arna kyrkje har kjøpt en lysglobe som er plassert framme til venstre i kirkerommet. I Ytre Arna kyrkje mangler vi derimot en lysglobe. Vi

har derfor bestemt oss for å gi kyr- kjelyden i Ytre Arna følgende utfor- dring denne gangen: Kan du tenke deg å gi en lysglobe til Ytre Arna kyrkje eller å dele på utgiftene sam- men med andre? Vi regner med at en lysglobe koster kr. 7.000-8.000. Vi ber mennesker i kyrkjelyden ten- ke over denne utfordringen og eventuelt kontakte oss om saken. Bakgrunnen for denne utfordringen er at vi nå planlegger en Ung Messe i Ytre Arna kyrkje, og i den anledning kom dette forslaget opp. Selv om vi ikke klarer å skaffe en lysglobe til Ung Messe som vi skal ha i adventstiden, så kan vi kanskje klare det noe senere. En lysglobe vil bli et fint inventar i Ytre Arna kyrkje, og vi venter spent på om noen tar imot utfordringen.

## Konsert på Helgemessesøndag

2. nov. -97 i Arna kyrkje kl. 19.30.

Berit Walaas, sopran

Sølvi Heggem Lundin, tekstresitasjon

Jostein Aarvik, orgel

Kjende og kjære salmar og tekstar til Allehelgensdag.


Musikk av T. Kverno., J. V. Ugland., J. Langlais m.fl.

Bill. kr. 50,- v/inngangen

## VER MED TIL ISRAEL I VINTERFERIEN

**Velkomen til soldagar i Eilat,  
mulighet for besøk i Jordan og  
Egypt og rundreise i Israel.**

Etter fleire vellukka turar tidlegare vil eg nok ein gong innby til å vera med på tur til Israel. På alle turane har det vore deltakarar med frå Arna. I samar- heid med Fokus Reiser i Kristiansand er det laga eit program for tur i tida 17. febr. – 1. mars 1998. (Det er og moge- leg med utreise 19. febr.) På den tida er det vår i Israel. Per Inge Eide – tidlega- re sokneprest i Osterøy, no i Arendal – vert også reiseleiar. Turen går med rutefly frå Flesland til Eilat via København og Tel Aviv. Eilat har eit stabilt, varmt klima (litt varmare enn Kanariøyane på denne årstida), og etter nokre dagar der, tek me fatt på rundrei- sa. Under opphaldet i Eilat er det lagt til rette for at ein kan ta dagsturar til Sinai i Egypt og Petra i Jordan. Dette er ein opplevingsrik tur med mange inntrykk. Det har vorte sagt at knapt nokon stad ellers i verda kan ein oppleve så mykje natur og historiske minnesmerke på eit så lite område som



Jødar i bøn ved klagemuren

i dette landet. Jerusalem er eit viktig sentrum for 3 verdsreligionar, og i til- legg opplever ein mykje av det som står i Bibelen på ein ny måte når ein får sjå stadene der det hendte. Me bur på gode hotell med frukost og middag inkludert.

Mange spør seg om det er farleg å reisa dit. Turen går ikkje til dei urolege områda, og heile tida vert det teke omsyn til tryggleiken for turdeltakara- ne. Vil du vita meir, så ta gjerne kon- takt – og be om program: telefon 56 36 95 30 eller 56 36 00 14 (priv.) Program og opplysningar kan du og få hjå Fokus Reiser tlf.: 38 02 69 11. Du er og velkomen til ein turkveld med orientering, bilete/video i Kyrkjelydshuset i Indre Arna måndag 10. nov. kl. 19.30. Alle er velkomne til å vera med på turen, og turkvelden er sjølv sagt open for dei som ikkje har tenkt å reisa også.

Harald Sundsbø

Orgelnemnda for Arna kyrkje er takksam for ei gåve til

## ORGELFONDET

v/kasserar Olav Opheim

Rognehaugen 11, 5260 Indre Arna

Bankkontonr. 6524 56 04674

# Dåpsopplæringsarbeid i Ytre Arna

Dåpsopplæringsutvalget i Ytre Arna startet i 1993 opp arbeidet med en konkretisering av dåpsopplæringsplanen for den Norske Kirke.

I utvalget er det 4-5 medlemmer, og utvalget er underlagt soknerådet i Ytre Arna. Pr. dags dato består utvalget av Eli Mohn, Siri Brunvoll, Bodil Haaveraas og Grethe Haugland.

I tillegg til disse har vi et godt nettverk av frivillige som gjør en kjempejobb i arbeidet. Av disse frivillige er det 34 dåpskontakter, som besøker hvert enkelt barn på 1, 2 og 3 års dagen for dåpen med en liten konkret hilsen fra menigheten.

Vi har også gudstjenester med spesiell invitasjon til 4 åringer, 6 åringer og 7 åringer.

Vi har samling for 4 åringene med foreldre og søsken. I 1998 starter vi opp med samlinger for 11 og 12 åringene.

For 4. klasse har vi kirkebesøk i skoletiden med informasjon om forskjellige ting i kirken (symbolikk m.m.)

Er du interessert eller føler deg kallet trenger vi flere dåpskontakter.

Kontakt: Grethe Haugland: Tlf. 55 24 70 34  
Eli Mohn: Tlf. 55 24 74 97

**Grethe Haugland**  
*Leder for dåpsutvalget i Ytre Arna*

## Gudstjeneste Gudstjeneste – vår tjeneste

Temakveld v/soknepr. Viktor Meyer, Ytre Arna kyrkje,  
torsdag 6.11.97 kl. 19.00.

Te og samtale i Kyrkjelydshuset etterpå.

**Gudstenesteutvalget i Arna**

## Frå bedehusland

### Betania, Lone

#### November:

Lør. 01. og søn. 02. Barnekoret.  
Heimeweekend.

Søn. 02. Søndagsskule. BUF.

Fre. 07. Fredagskafé kl. 21.00.

Lør. 08. BUF & Muhammedanermisjonen.  
Tefest kl. 16.00.

Søn. 09. B-kurs. HIM. Kjell Nese kl. 19.00.  
«Ny tillit». Fil. 3, 1-21.

Tor. 13. Nattverdmøte.

Søn. 16. Søndagsskule. HIM. Familiemøte  
kl. 16.00.

Tir. 28. - søn. 23. NLM-veke. Oddvar Risøy.

Lør. 22. Misjonskveld. Lillian Rose og  
Einar Eriksen.

Søn. 23. B-kurs. Oddvar Risøy.  
«Nye ressursar». Fil. 4. 1-23.

Søn. 30. Søndagsskule BUF.

#### Desember:

Fre. 05. Fredagskafé kl. 21.00.

Lør. 06. Lørdagssamling kl. 16.00.  
Kjell Nese. Hagavik-trioen.

Søn. 07. HIM.

Tor. 11. Nattverdmøte.

Søn. 14. Søndagsskule. Vi syng jula inn kl.  
16.00. Andakt v/Audun Stølås.

Søn. 21. HIM. Bønemøte.

Lør. 27. Barnefest kl. 16.00.

Søn. 28. BUF/Y-ungdom. Julefest kl. 19.00.

### Arna bedehus

#### November:

01. Heimew. «Barnerøster»

02. Haustmøte Bergen Indrem.

06. kl. 17.00 Eldretreff.

07. kl. 19.00 Det Hvite Bånd.

09. kl. 19.00 Møte v/NLM.

Song: Hagaviktrioen.

11.-16.11 Møteveke v/Bjarne Skjold.

20. kl. 19.30 Bøne- og vitnemøte.

23. kl. 17.00 Adventsamling.

27. kl. 19.00 Temakveld: Morten Pedersen.  
«Felleskapet».

28. kl. 18.00 Bønnesaml. Haugland bedeh.

30. kl. 19.00 Temakveld: Morten Pedersen.  
«Levende Liv».

#### Desember:

04. kl. 17.00 Eldretreff.

26. kl. 18.00 Bønnesaml. Unneland b.k.

27. kl. 17.00 Julefest «Barnerøster og  
søndagsskule».

#### Januar:

03 kl. 18.00 Julefest for voksne

### Eldre hjelper Eldre!

Du kan kontakte  
«Eldre hjelper eldre»  
hvis du har behov for hjelp til noen av  
dagliglivets gjøremål:  
– småreparasjoner  
– følge til butikk/lege  
– ærend  
– maling  
– hagearbeid  
– snømåking  
– vedhogging, vedbæring  
– høytlesing  
– brevskrivning

eller hvis du trenger å snakke med noen.

**Ring 55 31 66 10 mandag, tirsdag, fredag  
kl. 11.00-13.00**

Du kan også henvende deg på kontoret i  
Danckert Krohn's eldresenter, Kong  
Oscarsgate 54.  
Så langt vi makter yter vi hjelp til pensjo-  
nister for kr. 30,- pr. time.

**VI ØNSKER FLERE HJELPERE OG  
FLERE BRUKERE.**

**Ring 55 31 66 10**

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Ytre Arna sokn:



### Døypete:

21.09.: Oda Emilie Presthus  
12.10.: Charlotte Teigland  
12.10.: Mathias Stein

### † Døde:

16.07.: Andreas Nilsvik f. 25.12.1940  
17.08.: Aud Gaupås f. 25.05.1933  
30.05.: Mary Nesheim f. 08.05. 1926  
10.09.: Marta Midtun f. 02.09. 1901

*Nytt frå Kyrkjelyden i Arna sokn må venta til neste nr. på grunn av sjukepermisjon ved kyrkjekontoret i Arna.*

## Ny kyrkjetenar i Takvam kapell

Elisabet Almenning har sagt opp stillinga som kyrkjetenar i Takvam kapell. Som ny kyrkjetenar er tilsett Reidun Takvam Justad.

## Kyrkjemusikalsk konsulent

Eli-Johanne Rønnekleiv, som tidlegare vikarierte som organist i Arna kyrkje, er av Bjørgvin bispedømmeråd tilsett som kyrkjemusikalsk konsulent ved Bjørgvin bispedømme-kontor.

## Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem etter planen ut 10. desember.


Stoff til bladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan tysdag 25. november.**

18.09.: Walther Friedrich Damminger  
f. 16.03. 1937  
22.09.: Dagny Sletten Arne f. 12.11.  
1902

### Ofringar:

07.09.: Kyrkjelydsarb.: kr. 1536,-  
21.09.: Kristeleg Kring-  
kastingsl. kr. 1003,-  
28.09.: N.L.A. kr. 1342,-

## KYRKJE- SKYSS



### HAUKELAND/ UNNELAND

**2. november**  
Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15  
**9. november**  
Oddmund Skjoldal .....tlf. 55 24 28 76  
**16. november**  
Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05  
**23. november**  
Ingrid Hope .....tlf. 55 24 08 08  
**30. november**  
Øns Hauge .....tlf. 55 24 01 43  
**7. desember**  
Nils Minde .....tlf. 55 24 01 54  
**14. desember**  
Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15

### ARNATVEIT OG INDRE ARNA

**2. november**  
Eide .....tlf. 55 24 15 15  
**9. november**  
Kaaresen .....tlf. 55 24 02 41  
**16. november**  
Kjos .....tlf. 55 24 17 82  
**23. november**  
Monstad .....tlf. 55 24 32 20  
**30. november**  
Håøy .....tlf. 55 24 03 26  
**7. desember**  
Hollekve .....tlf. 55 24 23 45  
**14. desember**  
Eide .....tlf. 55 24 15 15

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Prestegarden, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Jostein Aarvik  
Øvre Blekevei 27, 5003 Bergen  
Tlf. 55 31 48 06

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Svein Mjelde  
Lonaleitet 109, 5233 Haukeland  
Tlf. 55 24 28 71

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5090 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Benthe Veivle Birkeland  
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sølvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



**Kåre Bj. Hope**

**Tlf. 55 24 08 08 – Mobil tlf. 945 01504**

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat 55 24 22 23



## KIRKENS SOS

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 55 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
mandag til fredag



## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

**Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris**

## FØREKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførar

**Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41**



## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**55 24 25 95**



5260 Indre Arna

## Frøydig SALONGEN

Garnesveien 41 – Indre Arna

Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet

10 % for pensjonister alle dager.



## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og samlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Din lokale storbank i Arna!

## KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antenner,  
også TV 2.

## Litangen Husholdningsservice, Garnes Telefon 55 24 02 87



## Velkommen til kyrkje

- 02.11.:** *Allehelgensdag – Matt. 5, 1-12*  
**Arna kl. 11:** Trygve Johansen. Minnedag. Nattverd. Takkoffer.  
Arna kyrkjekor. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11:** Sokneprest R. Hemstad. Gudsteneste. Minnedag.  
Nattverd. Takkoffer til menighetsfakultetet. Kyrkjekaffi.  
**Takvam kl. 16:** Trygve Johansen. Nattverd.
- 09.11:** *25. s.e. pinse – Joh. 5, 24-29*  
**Arna kl. 11: FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. Utdeling av  
Mi kyrkjebok. Takkoffer. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11: FAMILIEGUDSTENESTE.** Kap. Rolf Rasmussen.  
12-åringane er spesielt inviterte. Takkoffer til Pinsevennenes  
Evangeliesenter. Unge Røster synger. Kyrkjekaffi.
- 16.11.:** *26. s.e. pinse – Luk. 17, 20-30*  
**Arna kl. 11:** UNG MESSE. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
Kyrkjekaffi.  
**Takvam kl. 11:** Trygve Johansen. Nattverd.
- 23.11.:** *Siste søndag i kyrkjeåret – Matt 25, 31-46*  
**Arna kl. 11:** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Trengereid kl. 11:** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til  
Norsk Lærarakademi.
- 30.11.:** *1. s. i advent – Luk. 4, 16-22a*  
**Arna kl. 11: FAMILIEGUDSTENESTE.** Trygve Johansen. Dåp.  
7-åringane er innbedne. Takkoffer. Kyrkjekaffi.  
**Arna kl. 19: LYSMESSE.** Kjell Nese og Erik Rodal.  
**Ytre Arna kl. 11: FAMILIEGUDSTENESTE.** Kjell Nese. 6 og  
7-åringane er spesielt inviterte. Takkoffer til IKO. Kyrkjekaffi.
- 07.12.:** *2. s.i advent – Luk. 12, 35-40*  
**Arna kl. 11:** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.  
**Arna kl. 18: JULEKONSERT**  
**Ytre Arna kl. 11: UNG MESSE.** Trygve Johansen. Takkoffer til  
konfirmantarbeidet.  
**Unneland kl. 18: LYSMESSE.** Kjell Nese.
- 14.12.:** *3. s.i advent – Matt. 11, 11-19*  
**Arna kl. 11:** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11:** Soknepr. Henning Langeland. Nattverd.  
Takkoffer til Kirkens Sosialtjeneste.